



Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2556 - 18/13301

Saksbehandlar:

Henriette Rolland

Henriette.Rolland@lindas.kommune.no

Dato:

18.04.2018

Referat skulemijøutvalet

Til stades: Anne Irene Nygård - FAU- leiar, Torill Vågenes - nestleiar FAU, Olav Steinsland – politisk vald, Thomas Vågenes elevrådsleiar, Vilde Tennfjord, nestleiar i elevrådet, Markus W. Norgård - elevrådslærer, Henriette Rolland – rektor og Veronika Thue Honningsvåg– sekretær.

Desse møtte ikkje: Anne Britt Svendsen – inspektør og sosiallærer, Mathea Eikemo - elevrådet og Håvard Ones - elevrådet.

Sak 5-17/18: Godkjenning av innkalling og referat.

Ingen innvendingar

Sak 6-17/18: **Skriv og meldingar.**

Nytt frå:

FAU: Anne Irene orienterte.

- BARNEDISKOEN er stor suksess, den gir FAU gode inntjeningar som igjen kompenserer for nedturen i fjor.
 - FAU tenkjer å utvide til å invitere Kaland
 - Har hatt to diskotek, kjem eit siste for dette skuleåret 25.mai. (8.klasse tar seg av dette diskoteket)
 - FAU tenkjer å halde fram med dette til hausten, då med to diskotek på hausten og to diskotek på våren.
 - Det er mykje godt sosialt arbeid i dette, både for borna og ungdomsskuleelevane.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- FAU har no fått organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret og «Vipps» er på veg.
- Har i løpet av året fått eit godt samarbeid med FAU på barneskulen.
 - Har fått eit betre samarbeid rundt 17.mai
 - Inntektene skal delast på tre der ungdomsskulen får ein del.
- Har skaffa busstur ved Lindåshallen.
- FAU opplever svært positive tilbakemeldingar i forhold til at vi har fått ein miljøterapeut på skulen.

Elevrådet: Thomas orienterte om:

- Sidan sist:
 - Har arrangert stein/saks/papir konkurranse
 - Høg standard på julepyntekonkurransen i år. Elevrådet samla klipp og bilete frå alle klassene i ein film som dei viste i gymsalen, på den måte fekk alle sett litt frå kvarandre. 10 b vann konkurransen.
- Elevrådet søkte pengar for å betre skulemiljøet, søkte om 10 000 til kantina og 26 000 til andre fellesområde. Dette fekk elevrådet.
 - Alle elevane på skulen har fått kome med forslag og ynskjer til kva pengane skal brukast til.
 - Elevrådet har evaluert seg fram til kva pengane skal brukast til, bl.a nye spel, sofabord til kantina og høgtalar til kantina, dette er no kjøpt inn.
- Elevrådet har eit ynskje om at treningsrommet skal bli eit aktivitetsrom, dette har dei fått løyve til.
 - Henriette har bestilt rydding av rommet.

Lindås kommune: Olav orienterte om:

- Det er viktig at vi melder inn dei behova vi har til kommunen slik at det kjem på handlingsplanen, fyrst då får ein pengar lagt inn i budsjettet..
- Ny kommune – Ekstra viktig å stå på for dei sakene vi brenn for når vi blir ein utkant.
- Tilstandsrapport:
 - Mobbing er fortsatt eit stort problem
 - Mykje positivt, vi er på veg opp mot landssnittet, jentene har betydeleg betre karakterar enn gutane.
- Bassengundervisning har vært totalt fraværande.
 - Henriette fortel: LUS har ikkje hatt symjing sidan 2001. Denne våren skal alle klassene ein dag i bassenget på Ostereidet med

- to symjelærarar. På den måten kan vi få kartlagt kven som eventuelt ikkje kan symje, desse vil få eit utvida tilbod til hausten.
- Dette burde skulen få ekstra midlar til då det fort blir kostbart.

Sak 7- 17/18: **§9a** Skulemiljøet ved Lindås ungdomsskule.

Henriette orienterer:

- Har utarbeida ein systematisk plan for arbeidet med skulemiljøet.
- Systematisk årshjul
 - Kva blir gjort dei ulike månadane
 - Ynskjer å innføre klassemøte kvar månad med ulike tema.
- Fortel om elevundersøkelsen
 - Går gjennom dei punkta lærarane er minst nøgde med.

Sak 8-17/18: **Ymse.**

- MOT- gang på skulen. Har ikkje fått gjort noko med dette. Elevrådet kan kanskje bidra her.
- Forslag til årleg skidag – dette må vi kome tilbake til.

Lindås 20.04.18

Veronika Thue Honningsvåg
skrivar

Med helsing

Henriette Rolland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:

Anne Britt Svendsen

Anne Iren Nygård

Henriette Rolland

Håvard Ones

Markus W. Nordgård

Mathea Eikemo

Olav Steinsland

Thomas Vågenes

Torill Vågenes

Veronika Thue Honningsvåg

Vilde Tennfjord